

# Finnås Kraftlag

## NETTLEIGE TARIFFAR for konsesjonsområdet gjeldande frå 01.01.2020

### TARIFFAR FOR HUSHALD/PRIVATE INKL. ALLE AVGIFTER:

#### H1 Tariffar for vegljøs og liknande

Fastbeløp kr 859 kW/år  
Energipris 54,29 øre pr.kWh.  
Tariffen skal nyttast for vegljøs, kailys m.m.  
Målte veglysanlegg, skal avrekna etter T4 for næring og H5/H4 for privat. Vedlikehald blir fakturert etter medgått tid og materiell.

#### H4 Tariffar for hushaldsføremål og liknande

Fastbeløp kr 3500,- pr. år.  
Energipris 52,42 øre pr. kWh.  
  
Tidsdifferensiert Energipris (12-mnd binding)  
1.1 -30.4 og 1.10-31.12 : 52,64 øre pr. kWh  
1.5 -30.9: 52,05 øre pr.kWh

Maksimum overbelastningsvern 80 A.

Tariffapparat: Kilowatt-timemålar.  
Tariffen kan nyttast både til bustader, hytter, gardsbruk dersom fellesmålar og forbruket for hushald er større enn for gardsdrifta, fritidsbustader m.m.

#### H5 Mindre anlegg

Fastbeløp kr 1344,- pr. år.  
Energipris 268 øre pr. kWh.  
Maksimum overbelastningsvern 25A.  
Tariffapparat: Kilowatt-timemålar.  
Tariffen kan nyttast til naust, private målte veglysanlegg, små uthus, anlegg med lite forbruk o.l.  
**Tariffen vil ikkje vera lønnsam for større forbruk enn ca. 1000 kWh/år.**

#### Ventetariff

Gjennom leveringsplikta er nettselskapa pålagt å leverast straum inntil kunden har inngått avtale om å få leveranse frå ord. kraftleverandør.  
Ventetariff veke 0-6 :  
forbruksvegd spotpris + 6,25 øre/kWh  
Ventetariff fom veke 7:  
forbruksvegd spotpris + 11 øre/kWh  
Meir info finn ein på [www.nett.finnas-kraftlag.no](http://www.nett.finnas-kraftlag.no)

### TARIFFAR FOR NÆRINGSVERKSEMDER EKS. EL.AVGIFT OG OG M.V.A. INKL ENOVA.

#### T1 Tariffar for vegljøs og liknande (umålt)

Fastbeløp kr 800/år  
Effekt kr 687 kW/år  
Energipris 26,3 øre pr.kWh.  
Tariffen skal nyttast for vegljøs, kailys m.m.

#### T2 Næring med effektmåling – Høgspenn

Fastbeløp kr 30.800 per år  
Energipris 13 øre/kWh  
Effektledd, kr/kW/mnd, vinter: 92  
Effektledd, kr/kW/mnd, sommar: 35  
Vinter: 01.10-30.04  
Sommar: 01.05-30.09

#### T3 Næring med effektmåling

Fastbeløp: 12.800,- kr/år  
Energipris: 13,5 øre/kWh

Effekt		Effektledd, kr/kW/mnd	
Nedre	Øvre	Vinter	Sommar
0	100	81	54
100	200	77	46
200	99999	48	19

Tariffen kan nyttast til industri, handverk, kontor, skular m.m.

#### T4 Næring utan effektmåling

Fastbeløp kr 3600,- pr. år.  
Energipris 24,81 øre pr. kWh.

Maksimum overbelastningsvern 125A./230 V  
Maksimum overbelastningsvern 80A/400 V  
Tariffapparat: Kilowatt-timemålar.  
Tariffen kan nyttast til same føremål som T3.

#### Ladestasjonar, sirkelsager, motorar, vevseapparat og andre apparat som lagar særlege forstyrningar på nettet

Kraftlaget må på førehand ha gitt løyve om tilknytning, og kva tid på året eller døgeret desse apparata kan brukast. Kraftlaget kan og krevje at apparat som har låg effektfaktor skal vera kompensert. Dersom det syner seg at apparat skaper forstyrningar på nettet som av omsyn til andre kundar ikkje kan akseptast, må eigaren kosta turvande forsterkning eller andre tiltak som retta på dette.

#### El-bil lading

Finnås Kraftlag praktiserer ordninga med anleggstilskot. Den som ynskjer tiltak i nettet for å få auka kapasitet, må derfor ta kostnaden med oppgradering. Ynskjer om høgare overbelastningsvern i det elektriske anlegget vil derfor kunna utløysa anleggstilskot.

#### Plusskunde

Kva er ein plusskunde?  
Kort fortalt er ein plusskunde ein kunde som på tider av året produserer meir straum enn kunden sjølv forbrukar. Overskuddstraumen vert seld til samme selskap som du kjøper kraft ifrå. Typiske plusskundar kan vere bustadeigarar med solcellepanel på taket. Plusskunden må ikkje ha eit anlegg som er større enn 100kW.

#### Oppseiing eller endring av abonnement

Dersom nettkunden flyttar, eller på annan måte blir avstengd frå å nytte nettet, kan avtalen seiast opp med 14 dagars varsel. Ved manglande oppseiing av avtalen er nettkunden ansvarleg for nettleiga inntil nettselskapet får lese av målarer eller har inngått avtale med annan nettkunde. Dersom nettselskapet også leverer kraft etter reglane om leveringsplikt, gjeld tilsvarande for kraftsalet. Same tidsfristen gjeld og for endring av abonnement. For abonnement som ikkje er oppsagde må fastsum og effektpris betalast for heile året sjølv om anlegget ikkje har vore i bruk.

#### Provisoriske tilkoplingar

##### Byggejstraumskap inkl. alle avgifter

Til- og fråkopling kr. 2000,-  
Fastbeløp og skapleige kr. 15,- pr.dag for 35 A sikring, og kr 17,5 pr.dag for 63 A sikring.  
Energipris 52,42 øre pr. kWh.  
Tariffapparat: Kilowatt-timemålar.  
Leiga vert rekna frå tilkoplingsdagen til oppseiingsdagen.

Byggejstraumskap må tingast minst 14 dagar i førevegen. Dersom det må byggjast linje fram til skapet, må kunden rekna med å kosta dette.

##### Større provisoriske anlegg eks. avgifter

Bygggherren må sjølv halda arrangement og betala dei reelle kostnader med til- og fråkopling.

##### Nettleige:

Her brukar ein standar tariff T3 eller T4.

##### Avgifter til staten

For hushaldstariffar er desse avgiftene inkludert i nettleiga. For næringstariffane kjem avgifter i tillegg med fylgjande satsar:

El.avgift 16,13 øre pr. kWh eks.mva. Forbruk til direkte produksjon har ei el.avgift på 0,505 øre/kWh. Meirverdiavgift 25 %. Me tek atterhald om endringar i offentlige avgifter. Eventuelle endringar i offentlige avgifter vil gi tilsvarande endring i nettleigetariffen.

##### Enova avgift:

Forskrift om energifondet vert endra frå 01.01.2013.

For hushald skal påslaget utgjere 1 øre/kWh. For andre sluttbrukarar enn hushald skal påslaget utgjere 800 kr/år

per målepunkt-ID. Avgifta på 800 kr er innarbeid i fastleddet.

#### Anleggstilskot

##### Generelt:

Anleggstilskotet vert rekna ut etter forskrifter fastsett av NVE. Finnås Kraftlag krev anleggstilskot for å dekkja anleggskostnadane ved nye nettilkoplingar eller ved forsterking av nettet til eksisterande kundar Kostnaden kvar ein skild kunde skal betala er samansett av kundespesifikke kostnader pluss eventuelt del av kostnader for felles anleggsdelar. Felles anleggsdelar er anlegg som forsyner fleire kundar, og vil kunne omfatta nettstasjon inklusiv transformator og brytaranlegg, høg- og lågspennlinjer, kablar og fordelingsskap. Effektbehovet er dimensjonerande når me byggjer nettanlegg. Kostnadane for felles nettanlegg vert difor delt mellom kundane i høve til den ein skilde sitt behov for effekt. Anleggsbidrag må vera fullt innbetalt for anlegget vert sett i drift.

##### Standard vilkår:

Generelt gjeld standard vilkår for tilknytning, nettleige og levering av elektrisk kraft. For næringslivskundar gjeld standard vilkår for tilknytning- og nettleigevilkår for næringskundar. Desse finn du på [www.nett.finnas-kraftlag.no](http://www.nett.finnas-kraftlag.no)

##### AMS målar eller annan målar med manglande kommunikasjon

Dersom målar manglar elektronisk kommunikasjon vert det eit ekstra årsgebyr på kr. 2.100,- til dekking av meirkostnad for Finnås Kraftlag med ekstra avlesingssystem og ei fysisk målaravlesing pr. år.

##### Straumrekningar/betaling

Avrekning av nettleige skjer etter ”forskrift om måling, avrekning og samordnet oppretten ved kraftomsetning og fakturering av netjenester” fastsett av NVE

Kraftlaget sender ut rekningar kvar måned. For privatpersonar vil breiband bli fakturert ilag med straumfaktura. Små anlegg (veglys og naust med svært lite forbruk vil kunne få faktura berre 1 gang i året. Anlegg som manglar avlesing vil bli stipulert. Forfallsdato på faktura er den 1.kvar måned.

Ved for sein betaling vert det lagt til renter i medhald av Lov om rente ved forseinka betaling. Forsinkelsesrenten vert fastsett kvart halvår av finansdepartementet. Sats gjeldande frå 01.01.2020 er 9,5 %. Ved utskrivning av ekstra betalingsvarsel vert kunden belasta med eit purregebyr i samsvar med inkassoforskrifta, pt kr 70,-. Dersom purring ikkje vert betalt innan fristen vert kravet oversendt inkasso (Svea Finans), og det vil påløpe inkassokostnader. Kundar som ikkje betalar etter motteke stengevarsel, må rekna med å verta utkopla. Kundane må dekkja den reelle kostnaden med utkoplinga (opningsgebyr), minimum gebyr kr.1.000 avgrensa opp til kr 1500,- i ordinær arbeidstid og Kr. 2500,- etter arbeidstid. Minimumsgebyr vert nytta ved fjernetilkopling.

##### Garanti:

I særlege høve kan kraftlaget krevja at kunden stiller trygging for rett betaling ved forfall.

##### Erstatning ved langvarig avbrot:

Sluttbrukar har rett til å krevje utbetaling ved svært langvarige avbrot, jfr § 9A-2 i kontrollforskrifta.

Svært langvarige avbrot er definert som avbrot som varer i meir enn 12 timar, og storleiken på beløpet er:

- Kr 600 for avbrot til og med 24 timar,
- Kr 1.400 for avbrot over 24 timar og til og med 48 t.
- Kr 2.700 for avbrot over 48 timar til og med 72 timar.

For avbrot ut over 72 timar skal ein gje eit tillegg på kr 1.300 for kvar nye påbegynte 24-timars periode som avbrotet varer.